

Blir det Brexit?



FINANSTILSYNET:

– Stortinget må stoppe avgivelse av suverenitet! s. 12

VERVEKAMPANJEN:

399 nye medlemmer på to uker s. 22–23

DAG SEIERSTAD:

Får vi solgt varene våre uten EØS? s. 3

Grunnloven står støtt!

Så sto vi han av enda en gang. Nei til EU har enda en gang bidratt til Stortinget har avvist å gjøre det enklere å underordne seg overnasjonal myndighet. Stortinget avviste Ap-politikernes representantforslag nå i mai.

Marianne Aasen, Svein Roald Hansen og Else-May Botten ønsket å endre paragraf 115 (tidligere paragraf 93) slik at samtykke til suverenitetsoverføring kan gis med 2/3 flertall – og ikke 3/4 som i dag. Altså gjøre det slik at Stortinget lettere kan melde Norge inn i EU eller for eksempel underlegge oss EUs finansstilsyn. Forslaget bryter med de etablerte spillereglene i EU-saken

Ikke alle liker brøkgregning, men ved hjelp av et kakediagram kan alle se at det trengs flere stortingsrepresentanter for å oppnå 3/4 enn det trengs med 2/3. Nei til EU mener selvsagt at det fortsatt skal kreves så mange for å endre grunnloven på dette punktet. Dette var fjerde gang et slikt forslag er stemt over i Stortinget. Tilsvarende endringsforslag er avvist i juni 2004, januar 2008 og februar 2012.

For to år siden hadde Nei til EUs en landsomfattende jubileumsstafett for folkestyre og nasjonal suverenitet. Vi feiret at Nei til EU var 20 år, men like viktig var det å feire Grunnlovens 200 årsjubileum. Grunnloven er mye mer enn paragrafer, den er grunnlag for vår politiske virkelighet i Norge. Eidsvollsmennene var framsynte da de vedtok en paragraf 1 i Grunnloven som sa og sier at Norge er et fritt, selvstendig, udelelig og uavhengelig rike.

I februar fikk Nei til EU tilsendt grunnlovsfrimerker fra 2014 for 91 kroner og en avisartikkel om den nyvalgte lederen i Telemark Nei til EU. Innsenderen var fornøyd med ung, lovende fylkesleder, og skrev at grunnlovsfrimerkenes hensikt var å bruke dem om noen trengte påminning om Grunnlovens verdi.

De tre stortingsrepresentantene fra Ap burde fått hvert sitt brev med slike frimerker på, som en påminning om Grunnlovens verdi. Grunnlovens verdi forsto heldigvis kontroll- og konstitusjonskomiteen som avviste forslaget mot Høyres ene stemme, da de avga sin innstilling. Hurra for en klok komite!

Kristelig Folkeparti, Senterpartiet, SV og Venstre har tidligere avvist tilsvarende endringsforslag og sto støtt enda en gang. Det gjorde også Fremskrittspartiet denne gang, og

stortingsrepresentant Helge Thorheim uttalte til Dagsavisen: «Vi har allerede to modeller for suverenitetsoverføring. Enten å ta opp forslag om dette, og det krever tre fjerdedels flertall. Alternativ to er å gå via grunnlovsforslag der forslaget må ligge over valg til neste storting, og da kreves to tredjedels flertall. Vi trenger ikke enda en modell for suverenitetsavståelsen.»

Arbeiderpartiets Martin Kolberg, som leder kontroll- og konstitusjonskomiteen, uttalte til Nationen at Grunnloven allerede «dekkjer alle behov kva gjeld suverenitetsavståing» og sa «Det er ikkje nødvendig med endringar». Aps medlemmer ble fristilt.

Før stortingsvalget i 2013 gjennomførte Nei til EU en undersøkelse blant partienes kandidater, for å avklare standpunkter til viktige EU- og EØS-spørsmål, deriblant standpunkt til den foreslåtte grunnlovsendringen. Nei til EUs kandidatundersøkelse viste at det burde bli flertall mot forslaget, men vi tok ingen ting for gitt og utfordret fylkeslagene våre til å sikre at stortingsrepresentantene fortsatt sto på



AV KATHRINE KLEVELAND

Leder i Nei til EU

kathrine.kleveland@neitileu.no

Tegning: Pål Hansen, alias UKRUT.no

sitt standpunkt. Vi fikk gode svar og viktige innspill fra flere fylkeslag.

For to år siden feiret vi 200-årsjubileet for Grunnloven, og hver 17. mai feirer vi den med flagg og taler med budskap om folkestyre og nasjonal suverenitet. Umistelige verdier, forankra i Grunnloven, og med Stortinget som sin fremste forsvarer. Det kan kjennes litt usikkert ut innimellom, med stortingsflertallet som hele tiden har vært for norsk EU-medlemskap.

Heldigvis var heller ikke stortingsrepresentantene i 2016 villige til å tukle med Grunnlovens paragraf 115 for å gjøre det enklere å miste suverenitet, og nå satsar jeg på at denne saken er endelig parkert! Sammen med dere medlemmer vil jeg fortsette å jobbe for å avvise forslag som tømmer Norge for folkestyre og nasjonalt sjølstyre.



«Redningsselskapet Nei til EU.»

Den største EØS-bløffen

Må vi la norske lover vike for EU-lover for å få solgt varene våre i EU? Det rår en nærmest uttryddelig forestilling om at vi trenger EØS-avtalen for å komme inn på EU-markedet med varene våre. Men hvorfor får da land i alle verdensdeler inngå frihandelsavtaler med EU uten at avtalene forplikter dem til å endre deler av lovverket sitt – slik vi må i EØS?

Sør-Korea har for eksempel nylig inngått en frihandelsavtale med EU som fjerner så godt som all toll på industrivarer uten at det har påført landet noe som likner våre EØS-forpliktelser.

Vår egen EØS-avtale innebærer som kjent at Norge underkaster seg hele EUs regelverk for det såkalte «indre markedet», regelverket på markedene for varer, tjenester, kapital og arbeidskraft, for den frie etableringsretten og for konkurranselovgivningen.

Norge hadde fra 1973 en frihandelsavtale med EU. Tollsatsene mellom Norge og EU ble trappa ned til null i løpet av en kort overgangsperiode.

Næringsmiddelindustrien var det eneste unntaket. Det har vært toll på bearbejdede landbruksvarer (etter norsk ønske) og på en del fiskeprodukter (etter EUs ønske). Men på alle andre industriprodukter og på alle råvarer var det – før EØS – full tollfrihet og ingen kvotebegrensninger på handelen mellom Norge og EU.

Hvis vi sier opp EØS-avtalen, vil frihandelsavtalen fra 1973 automatisk gjelde slik den gjaldt fram til EØS-avtalen trådte i kraft i januar 1994. Det fastslås i EØS-avtalens artikkel 120. Avtalen må naturligvis oppdateres på mange punkter, blant annet på grunn av alt som har skjedd i Verdens handelsorganisasjon, WTO.

Regelverket til WTO binder både Norge og EU. Det setter for eksempel forbud mot at medlemsstatene øker tollsatsene sine overfor andre medlemsland – eller mot at de begrenser importen på annen måte på ensidig basis. WTO-reglene hindrer derfor at EU kan innføre toll eller andre handelshindringer mot norsk eksport hvis EØS-avtalen skulle falle bort.

Norge er nok et lite land sammenlikna med EU. Men som kjøpekraftig eksportmarked er vi ingen bagatell for EUs næringsliv. Norge er EUs femte største handelspartner, og unionens



Norsk fisk i Madrid. Mantraet om at vi trenger EØS for å «få solgt varene våre til EU» er en hersketeknikk, skriver Dag Seierstad. FOTO: NORGES SJØMATRÅD



Norge er EUs femte største handelspartner, og sjette største eksportmarked

DAG SEIERSTAD

Standpunkt 3-2016

sjette største eksportmarked etter USA, Russland (før sanksjonene), Kina, Sveits og Tyrkia. Vi importerer for 300–400 milliarder kroner i året fra EU.

Olje og gass er de viktigste eksportvarene våre. Ingen i EU vil i stedet for å kjøpe norsk, kjøpe mer olje og gass fra Russland hvis de kan unngå det. Påstanden om at vi trenger EØS for å få solgt varene til EU-land, er derfor et skremsel uten grunnlag i virkeligheten.

I tillegg er EU også ideologisk tilhenger av en verden med frihandel av industrivarer. Det er derfor EU stadig inngår nye frihandelsavtaler med land i alle verdensdeler. Hvorfor skulle akkurat Norge være unntaket?

Hvis det virkelig var sånn at vi trengte EØS-avtalen for «å få solgt varene våre i EU-land», skulle en tro at eksporten vår til EU økte særlig sterkt etter at EØS-avtalen trådte i kraft i 1994.

Men slik er det ikke. Det var tvert



AV DAG SEIERSTAD

Varamedlem til styret i Nei til EU

standpunkt@neitileu.no

imot i 1994 at eksporten til EU av tradisjonelle varer (utenom olje og gass) var på topp. Da utgjorde den 75 prosent av all norsk eksport. Nå er den andelen nede på rundt 60 prosent.

Det var fram til 1994 at eksportandelen av tradisjonelle varer økte. Da hadde vi hatt en frihandelsavtale med EU fra 1973.

Brundtland-regjeringens stortingsproposisjon som ga grønt lys for EØS-avtalen i 1992, var nøktern og presis på dette punktet. «EØS-avtalen skiller seg i liten grad fra den eksisterende frihandelsavtalen med EF når det gjelder markedsadgangen» (St. prop nr. 100 (1991–92)).

Mantraet om at vi trenger EØS for å «få solgt varene våre til EU» er en hersketeknikk for å få oppmerksomheten bort fra at nesten all vår vareeksport til EU hadde samme tollfrihet under handelsavtalen før 1994 som i EØS etter 1994.

Handel med EU vil vi ha også uten EØS. Men utover EØS slipper vi EU-kravet om at enhver norsk lov må vike hvis den er i strid med EUs regelverk for det indre markedet.

Noe slikt krever ikke EU av noen andre land enn Norge, Island og Liechtenstein. Bortsett fra EU fins det faktisk ikke noe land/område her i verden som krever at en handelspartner må endre lovverket sitt for å få solgt varene sine.

Det er denne meningsløse og unødvendige underkastelsen under EU-lover som provoserer fram den grunnleggende EØS-motstanden i Norge.



23. JUNI AVGJER BRITANE:

Folkestyre er den viktigaste saka

– Britane vil røyste 23. juni ut frå om dei meiner landet deira skal styrast av britiske politikarar eller av EU-kommisjonen, seier **Kate Hoey**, parlamentsmedlem for Labour.

Kate Hoey var minister i regjeringa til Tony Blair og er den mest profilerte politikaren frå Labour på Leave-sida. Standpunkt snakka med ho i London i mai.

– Det viktigaste for meg er det demokratiske argumentet. Dette er ganske enkelt for folk. Vi kan snakke om økonomien til vi er blå i ansiktet, men den jamne brite vil røyste den 23. juni ut frå om dei instinktivt meiner landet deira skal styrast av britiske politikarar, som dei kan kaste ut ved val, eller om dei vil at landet skal styrast av ein EU-kommisjon som ikkje er vald.

– Eg argumenterer ut frå eit venstresideperspektiv, men demokratiargumentet er like viktig uansett om ein kjem frå høg- eller venstresida.



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitileu.no

– Frå eit Labour-synspunkt og frå eit venstresidesynspunkt, er EU til berre fordel for dei multinasjonale selskapa. Dei har gått heilt bort frå det sosiale Europa, som overtydde mange av mine kollegaer for mange år sidan, seier ho.

– Måten EU har behandla det greske folket viser at EU ikkje er interesserte i arbeidsfolk i det heile.

Ikkje uroa for handelen

Kate Hoey er heller ikkje uroa for at britane ikkje skal kunne handle med EU-landa etter dei går ut av EU.

– Eg skjønner ikkje argumentet om handel. Handel blir ikkje gjort av politikarar. Det blir gjort av folk som ønskjer å handle med kvarandre.

– Eg ønskjer veldig sterkt å få kontroll over fiskeria våre igjen. Det er same argumentet på fiskeri som på landbruk, eigentleg. At vi må få tilbake kontrollen over landbruket og fiskeria. Bøndene er sjølvsgatt uroa, men Storbritannia støtta landbruket også før vi vart EU-medlemer.

– **Eg ønskjer demokratiet tilbake**
Lord Stoddart of Swindon er nitti år



gammel og har vore leiar i organisasjonen Campaign for an Independent Britain frå 1985 til 2007. Han har vore parlamentsmedlem for Labour, men er no ikkje medlem, og reknar seg som uavhengig Labour.

– Hovudgrunnen til å gå ut av EU er at vi då tek tilbake retten til å styre oss sjølv. Vi vil ikkje bli styrt av 27 andre land og av byråkratiet i Brussel. Storbritannia har vore eit demokrati i veldig lang tid, og eg ønskjer berre å få demokratiet tilbake, seier Lord Stoddart til Standpunkt.

– Hovudsaka handlar om å styre seg sjølv. Det handlar eigentleg ikkje om økonomi. Det handlar ikkje om eksport eller import. Vi ville likevel klare oss mykje betre om vi var ute av EUs indre marknad, men hovudsaka er å få tilbake retten til å styre oss sjølv, seier han.

Lange demokratiske tradisjonar

Lord Stoddart er oppteken av at Storbritannia har lange tradisjonar, som no blir undergravne av eit udemokratisk EU.

– Dei britiske institusjonane har vorte bygde opp gjennom hundrevis av



– Eg forstår rett og slett ikkje dei som ønskjer å gje sjølvstyre til andre, men som ikkje ønskjer det for seg sjølv. Det forundrar meg verkeleg.

LORD STODDART OF SWINDON

Tidlegare leiar i Campaign for an Independent Britain

år og eksportert til alle andre. Eg forstår rett og slett ikkje dei som ønskjer å gje sjølvstyre til andre, men som ikkje ønskjer det for seg sjølv. Det forundrar meg verkeleg. Eg forstår rett og slett ikkje korleis dei tenkjer.

– Om dette landet skal lukkast, så må vi lage våre egne lover, gjennom eige parlament, gjennom eiga vald regjering og gjennom dei institusjonane vi har bygd opp. Eg kan ikkje seie det tydelegare. Ikkje bry dykk om Bank of England sine åtvaringar. Dei tek alltid feil, og i alt. Vi må få tilbake kontroll over vårt eige land.

– Storbritannia vil få tilbake den posisjonen som minst 150 andre land har, at dei kan styre over seg sjølv. Og vi vil bruke den posisjonen til å ha gode og venskaplege relasjonar til andre land. Målet er å bli kvitt den og opprette ein stat som heiter Europa.

– Det er ein organisasjon som er dømt til å mislukkast. Om vi blir verande, er vi dømt til å gå under med den. Og det er ein annan grunn til å gå ut, seier Lord Stoddart.

Undervurderer folket

Lord Stoddart seier han er for gammel til å delta så mykje i kampanjearbeidet sjølv, men er nøgd med kampanjen så langt.

– Eg meiner kampanjen går rimeleg bra. Men vi er opp mot slike odds at folk blir i tvil om kva dei skal gjere, seier han.

– David Cameron lovde ei fri og rettviss folkerøysting, men har gjort alt for å hindre at det blir det. Det er ei skam for demokratiet.

– Han har også brukt skattebetalarane sine pengar og statsapparatet, som er betalt av skattebetalarane, på den eine sida i debatten. Det er nesten eit grunnlag for riksrett. Eg er så sint over dette. Det er ei skandale.

– Dette uroar meg veldig. Eg har hatt mi tid, men eg har barnebarn og oldebarn å uroe meg for.

Lord Stoddart seier at han ikkje veit korleis denne manipuleringa vil påverke utfallet.

– Eliten undervurderer intelligensen og kunnskapen til vanleg folk. Eg vonar folk blir like opprørte over dette som eg er, over at dei blir manipulererte



1. Vote Leave og Grassroots Out står på stand i Warwick. FOTO: DEREK BENNETT

2. Vote Leave vart utpeikt til den offisielle organisasjonen på Leave-sida. Dermed kan dei bruke meir pengar enn dei andre organisasjonane og deltek i dei offisielle debattane. FOTO: SINDRE HUMBERSET

3. Kate Hoey heldt tale på eit folkemøte i regi av Campaign for an Independent Britain 14. mai. FOTO: SINDRE HUMBERSET

4. Kampanjemateriell frå Vote Leave, Save Britain's Fish og Brexit: The movie på DVD. FOTO: HELLE HAGENAU

5. Aktivister fra Vote Leave gjør seg klar til dagens happening i Stamford. FOTO: VOTE LEAVE.

6. Lord Stoddart of Swindon. FOTO: SINDRE HUMBERSET

7. Vote Leave informerer velgerne om hvorfor Brexit er det beste for Storbritannia.

8. Kathrine Kleve-land på besøk i Vote Leaves lokaler for BBC Newsnight-debatten 23. mai.

av dei rike, av byråkratiet og regjeringa. Eg vonar dei vil seie at dette vil vi ikkje ha.

– Vi må ha tru på demokratiet og på dei institusjonane som vi har bygd opp. Og vi vil ha det betre utanfor EU.

Massivt internasjonalt press

Kate Hoey er samd i at britane blir utsett for eit massivt press for å bli i EU.

– Eg er likevel ganske nøgd. Då Barack Obama kom til Storbritannia, var han tydelegare enn vi hadde venta i støtten for at britane skal bli i EU, men ifølgje meiningsmålingane hadde det liten effekt på veljarane, seier ho.

– Vi har fått høyre mykje propaganda om at unge folk ønskjer å bli i EU, men meiningsmålingane viser at dei unge ikkje er like positive til EU-medlemskapen som venta, seier ho.

– Der er mykje propaganda frå EU i skulane, og mange har ei førestilling om at vi får pengar frå EU. Vi må stadig minne folk på at det er våre egne pengar vi får tilbake, seier ho. Storbritannia er netto bidragsytar til EU, slik at for kvart pund landet mottek frå EU-ordningane, må dei betale fleire inn.

– Regjeringa påstår at kvar familie blir 4300 pund fattigare om Storbritannia går ut. Påstandane har vorte møtte med sterk kritikk, og folk trur ikkje på det.

– Men faren med det sterke presset er at folk til slutt skrur av og endar opp med å ikkje røyste. Eg trur likevel dei som støttar Brexit, har vil røyste i større grad enn EU-tilhengarane. Vi er langt meir motiverte.

PUBLIKASJONER FRA NEI TIL EU

Årbok: Sammenbrudd for Schengen? – 225 kr (medlemspris)



15 år etter at Norge ble assosiert medlem i Schengen, har flyktningkrisen satt Schengen i spenn. Boken tar for seg de viktige utviklingstrekkene og konfliktlinjene i EU, og undersøker hva Schengen betyr for Norge. Redaktør: Morten Harper. 160 sider.

Stormen om Storbritannia – 60 kr



To leave or not to leave. Det er spørsmålet når Storbritannia stemmer om EU-medlemskapet 23. juni. Nei til EUs skriftserie VETT 2-2016 undersøker hva som er det sannsynlige utfallet i avstemningen, og hva et Brexit kan bety for den norske debatten om EØS. Redaktører: Morten Harper og Helle Hagenau. 48 s.

Folkestyre eller fjernstyre?



Folket vedtar Norges lover gjennom Stortinget, men gjennom EØS-avtalen vedtas mange lover med påholden penn fra EU. Beslutningsmyndighet over norske borgere og bedrifter er overført til overvåkingsorganet ESA og egne EU-byrå i strid

med grunnloven. Tema for VETT nr. 12016 er EØS-avtalens betydning for demokrati og selvstyre. Heftet er skrevet av Morten Harper. 48 sider i farger.

I tjeneste for samfunn eller selskap? – 60 kr

Trade in Services Agreement – TISA – er avtalen om tjenestehandel som EU, USA, Norge og tyve andre land forhandler om. Målet for TISA er full liberalisering av tjenester, der utenlandske selskaper får rett til å operere på det norske markedet på lik linje med nasjonale selskap. Nei til EUs skriftserie VETT 3-2015 er 48 s.

Fersk fakta og analyse

- På engelsk: The Free Trade Agreement between the EU and Switzerland
- Mai: Jernbanepakke IV
- Mai: EUs finanstilsyn i EØS
- April: ESA eser ut
- April: EUs flyktningavtale med Tyrkia
- April: TTIP – ein «gratis» veg ut av EU si krise?
- Mars: Grunnlovens § 115 og EU-medlemskap
- Mars: Håndhevsdirektivet

Løpeseddel: Vi tar kampen mot TISA

Nei til EU krever: Gå ut av TISA-forhandlingene! Kombinert informasjonsfolder og verveløpeseddel. Perfekt til stand og møter.

Last ned fra Nei til EUs nettsider:

www.neitileu.no/kunnskapsbank

HANDEL OGSÅ UTAN EU:

– EU har stagnert, men verda er større

– EU er ein stadig mindre del av verdsøkonomien. EU har stagnert. Så vi må sjå vidare, i retning av India og Kina, seier **Paul Scully**, partikollega av statsminister David Cameron.

Paul Scully er parlamentsmedlem frå London-bydelen Sutton. Han har vore mot britisk EU-medlemskap i over tretti år. Standpunkt møtte parlamentarikaren i valkrinskantoret i Sutton, i Sør-London.

– Der er i hovudsak fire grunnar til at Storbritannia bør gå ut av EU. Det er økonomi, handel, immigrasjon og suverenitet, seier Scully.

– EU er ein stadig mindre del av verdsøkonomien. EU har stagnert. Så vi må sjå vidare, i retning av India og Kina. Spesielt India vil bli mykje viktigare framover.

Ikkje redd for handelen med EU

EU-tilhengarane skremmer med at britane vil miste tilgangen til EU-marknaden om dei går ut.

– Det er ingenting som tyder på at EU vil forhalde seg til oss som om vi var ein tidlegare koloni. Dette er berre sunn fornuft. EU-leiarane vil forhalde seg til realiteten i situasjonen om vi går ut, seier Scully.

– EU-leiarane vil ikkje innrømme noko no, men 24. juni er eg viss på at alle moglegheiter er på bordet.

Parlamentsmedlemmen vil ikkje gå inn for ei spesiell avtaleløysing, men han har lite til overs for dei som rakkar



ned på den norske og den sveitsiske modellen.

– Eg må le når EU-tilhengarane kritiserer Noreg og Sveits. Eg må minne dei på at Noreg og Sveits er nummer ein og nummer to på lista over dei mest velstående landa i verda. Eg ville vere veldig nøgd om Storbritannia kom som nummer tre bak Noreg og Sveits, seier han.

– Vi må finne ei løysing for finanssektoren vår. Det er det som manglar i dei mange ulike modellane som har vore foreslått. Det at det er så mange modellar viser at det ikkje er ein modell som passar alle. Vi kan kombinere det beste frå den norske modellen, frå den sveitsiske modellen og andre avtalar, seier han.

Resten av verda viktigare

Paul Scully er meir oppteken av moglegheitene for handel med resten av verda, enn av kva avtale britane vi vil få med EU.

– Vi er den femte største økonomien i verda, vi er den fjerde største militærmakta, vi sit i tryggingrådet i FN, vi snakkar næringslivsspråket, vi er i



**AV SINDRE
HUMBERSET**

sindre.humberset@neitileu.no



den rette tidssona. Vi har så mykje som talar for oss.

– Vi er berre eitt av tre land i EU som sel meir til land utanfor unionen, enn innanfor. Hellas og Malta er dei to andre. Det delvis på grunn av den endra verdsøkonomien, og delvis på grunn av historia vår. Vi har ei maritim historie, der vi handla med heile verda.

– Om vi går ut av EU vil vi ganske raskt auke samarbeidet med andre land. Vi har ypperleg samarbeid med Noreg i dag, og det vil berre bli betre. Om det er til fordel for Noreg også, enda betre.

Får ikkje lage egne handelsavtalar

I dag har Storbritannia ikkje høve til å inngå handelsavtalar med land utanfor EU. Dette er ei stor ulempe for eit land som har mykje tettare band til dei tidlegare koloniane sine enn med mange av EU-landa. Og i EU er det andre omsyn som stoppar handelsavtalane.

– Ein av grunnane til at EU ikkje får til handelsavtalar med Australia er at italienske tomatdyrkarar ikkje vil ha ein slik avtale, fortel Scully.

– I EU er det så mange aktørar med

Ser ut mot verda.

Paul Scully er parlamentsmedlem for Det konservative partiet. Han ser store moglegheiter for britisk handel med land utanfor EU om resultatet blir at Storbritannia går ut. På puben «The Cock and Bull» rett over vegen for valkringskontoret i Sutton i Sør-London er han godt kjend. FOTO: SINDRE HUMBERSET

individuelle interesser som dreg i trådane, så det blir ein svært byråkratisk, saktegåande og utdatert prosess. Eg har drive ei lita verksemd, og dei som har erfaring frå små verksemder veit at det er viktig å vere lett på foten.

EUs «roaming»-argument

EU-tilhengarane hevdar at EU gjev britane billegare bruk av mobiltelefonen på reiser i andre EU-land. Dette argumentet provoserer Paul Scully.

– Det blir ofte sagt at ingenting kan skje utan EU. Men dette er berre tull. Eg har to mobiltelefonar. Den eine må eg vente til neste år med å bruke i EU. Den andre kan eg bruke i EU i dag og betale det same som heime. Eg kan også bruke den på Island, i Hongkong, i USA, Australia, Israel og Indonesia og nokre andre land, seier han.

EUs regulering skal først tre i kraft i juni 2017, men allereie no har mange leverandørar kuttat kostnadane.

– Det er eit resultat av ein fri marknad. Eg treng ikkje vente på at EU endrar regelverket. Om det er ein marknad for det, så vil det kome.

Kontroll over egne grenser

– Når det gjeld immigrasjon, må vi ha kontroll over grensene. Far min var fødd i Burma, og eg er anglo-indisk, så eg har sett den gode sida av immigrasjonen, men vi må ha kontroll over immigrasjonen. Det må vi takle. Vi freistar å handtere det som parti og regjering ved å få nettoinnvandringa ned til nokre titusen, ikkje fleire hundretusen. Men vi får det ikkje til.

– Vi prøver å handtere immigrasjonen med ei hand bunden på ryggen. Vi kan ikkje gjere noko med innvandringa frå EU, så då må vi «straffe» folk frå utsida av EU. Det er høgt kvalifisert arbeidskraft i India som må stille bakerst i køa bak folk frå EU.

– Rapporten frå Finansdepartementet var faktisk basert på at vi må bryte vår eigen politikk på innvandring. Ikkje berre i år, men kvart år til 2030. Det er ikkje plattformen eg gjekk til val på for eitt år sidan.

– Vårt mål er ikkje å stanse immigrasjonen, men å sikre at vi får inn folk med dei kvalifikasjonane som vi treng.

EIT ANNA EU, UANSETT RESULTAT 23. JUNI:

Brexit kan føre til eit heilt nytt EU

Uansett om britane går ut av EU eller blir, vil EU bli noko anna enn det er i dag, meiner parlamentsmedlem **Paul Scully**.

Den konservative parlamentsmedlemmen Paul Scully trur EU vil endre seg, uansett om Storbritannia går ut eller ikkje.

– Britisk utmelding kan påverke EU på to måtar, som står i sterk motsetnad til kvarandre.

– Anten vert EU enda sterkare integrert. Det kan vere gode grunnar til det. Den einaste måten eurososonen kan fungere på, er om landa vert tettare integrert, seier han.

– Eller så kan konsekvensen verte at folk vil ut, både i Sverige, i Frankrike, i Nederland og andre land. Dei kan då kome til å krevje folkerøystingar. Eg trur at om Storbritannia går ut, så blir det starten på ei fundamental endring for mange land, som vil føre til ein lausare union.

– Eg trur vi kan gå mot ein periode med EU versjon 2.0. Men om vi går ut av EU, vil det sjølvstendig vere opp til EU kva veg dei vel å gå vidare.

EU forandrar seg uansett

Scully meiner Brexit kan føre til tettare integrasjon. Men om britane vel å bli verande, meiner han det heilt sikkert vil føre til tettare integrasjon.

– David Cameron si reforhandling av medlemskapsvilkåra gav eit magert resultat, seier Scully

– Om vi vel å bli verande i EU, så veit EU-kommisjonen kva dei treng gjere for å klappe oss på hovudet og gjere oss nøgde. Det ville verkeleg vere tomme opp for vidare integrasjon.

– Dette vil verkeleg vere farleg, og ein viktig grunn til at det EU vi då seier ja til, ikkje er det same EU som eksisterer i dag.

– Det er veldig viktig å få fram at ei røyst for å bli i EU er ikkje det same som ei røyst for å ha det slik som i dag. EU er i endring. Tyskland har kome med eit dokument som skisserer vegen



fram til ein EU-hær. Tyrkia, Albania, Serbia, Montenegro bankar på døra, seier han.

Alle vil spå om framtida

Paul Scully veit ikkje kva framtida vil bringe.

– Stadig fleire vil ha meir informasjon og meir fakta. Men det er eit problem at det eksisterer veldig lite fakta. Vi snakkar om kva som vil skje om 30–40 år. Og vi veit ikkje kva som vil skje då. Vi kan kome med våre beste spådomar, men det er også det EU-tilhengarane gjer.

Uansett korleis EU utviklar seg, vil Storbritannia samarbeide tett med EU-landa.

– Til sjuande og sist må vi samarbeide med alle landa, om miljø, tryggleik, handel. Alt dette vil vi, men vi treng

Ute på gata.

Aktivistar frå Vote Leave har ein hektisk kalender fram til folkerøystingsdagen 23. juni. Over heile landet er det planlagt møte, stands og anna aktivitet. FOTO: VOTE LEAVE



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitleu.no

ikkje gjere det lenka til eit politisk prosjekt.

Reformsnakk

Også Kate Hoey, parlamentsmedlem for Labour, meiner at EU vil rekne eit fleirtal for å bli i EU som eit klarsignal til meir integrasjon.

– Om vi blir verande, så vil ikkje folkerøystinga påverke EU i noko særleg grad. EU vil halde fram i same retning som i dag, seier ho.

– EU-toppene vil snakke om reform, men det vil ikkje bli reelle endringar.

– Om vi går ut, så vil det vere ein katalysator, anten for reelle endringar i EU, eller så vil andre medlemsland også krevje folkerøystingar. Eg reknar med at Nederland vil stå i første rekke for å ha folkerøysting.



Daniel Hannan
@ConservativeMP
Leaving the EU "could prompt dragons to attack London", says now Brussels-funded CBI report.
5:44 PM - 27 Oct 2015

Daniel Hannan
@DaniHannanMEP
What will the Remain-mongers threaten us with next? #ProjectFear #BrexitRisks pic.twitter.com/CLDinPef
11:36 PM - 7 Mar 2016



11:36 PM - 7 Mar 2016



Alan Hoppers
@hoogemesser
@goodstarts #Brexit #BrexitRisks #EURef #VoteLeave pic.twitter.com/FDjhsrjM7 This woman is bad news.
11:51 PM - 2 Mar 2016

Tweet

Martin Schulz
@martinschulz
US have one currency, one Central Bank and one Govt. Europe has one currency, one Central Bank and... 17 govts! Cannot go on like this.
9:04 AM - 28 Mar 2016

238 retweets 48 likes

theGrump
@grumpgrump

There is no escaping the 'United States of Europe' #Brexit #BrexitRisks #EndGame
10:08 AM - 23 Feb 2016

10:08 AM - 23 Feb 2016



Sub-Zero Pyro
@subzeroPyro664
#BrexitRisks is it really worth the risk?
12:43 PM - 2 Feb 2016



Quote of the day
So if you leave the EU will you also leave the Eurovision Song Contest?
Former Wales prime minister Iwan Rhys Iwan asks the key Brexit question.
Paul De Ruys
@PaulDeRuys
#BrexitRisks #Brexit #Eurovision
10:00 AM - 23 Feb 2016



Brexitumor

Her er nokre dømme på humoristiske svar på EU-tilhengarane si skremselskampanje. FAKSIMILE: TWITTER OG PRIVATE EYE

PROJECT FEAR:

Cameron: – Brexit kan føre til krig!

Dei britiske EU-tilhengarane si skremselskampanje nådde eit nytt nivå då statsminister **David Cameron** åtvare om at Brexit kan føre til krig i Europa.

Skremselskampanjen, som vert kalla Project Fear på internett, er så overdriven at den blir latterleggjørt og utsett for sarkastiske parodiar. Likevel kan skremsla ha effekt. I mai sa den britiske statsministeren David Cameron i ei tale at ei britisk utmelding av EU kan føre til krig i Europa.

Parlamentsmedlem Paul Scully er frå det konservative partiet.

– For nokre dagar sidan tok statsministeren opp faren for krig. Om du røystar for å bli, får du billegare feriar,



Paul Scully

og om du røystar for å gå ut, blir det ein tredje verdskrig, seier han då Standpunkt intervjuar han i valkrinsen i Sutton i Sør-London.

– Verkeleg? Er det verkeleg alternativa?

Uansvarleg å gå for folkerøysting

Scully meiner Cameron anten tala mot betre vitande då han skremte med krig, eller så er det uforståeleg at Cameron i det heile kunne gå inn for folkerøysting om EU-medlemskapen.

– Om Cameron verkeleg trur at Brexit kan føre til krig, kvifor gjekk han då inn for ei folkerøysting?

– Om det er femti prosent sjanse for krig om Storbritannia går ut, så er det ikkje ansvarleg av statsministeren å gå inn for å ha folkerøysting om EU-utmelding.

Putin og IS

Cameron klistrar også EU-motstandarane til ubehagelege meiningsfeller.

– Kven ville bli glade om vi går ut? spurde David Cameron på eit arrangement i mai, ifølgje Politico.eu 17. mai.

– Putin ville bli glad, og eg tippar at [IS-leiar Abu Bakr] al-Baghdadi ville bli glad, sa Cameron.

Boris Johnson, tidlegare London-ordførar og tilhengar av Brexit, meinte Cameron sine utsegner var i meste laget.

– Ein kan hevde at det er i meste laget å samanlikne folk som argumenterer for fridom i dette landet, eller gjenopprettinga av demokratiet i dette landet, og seie at våre allierte er Putin og IS, sa Johnson ifølgje Politico.eu.

#BrexitRisks

Den valdsame retorikken frå EU-tilhengarane har ført til ei bølge av morosame meldingar og bilete på sosiale media. Latterleggjeringa kan ha teke brodden av skremsla, men det er vanskeleg å vite kor stor effekt skremsla vil ha på folkerøystinga 23. juni.



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitleu.no

ORGANISASJONANE VIL BLI, MEN:

Britiske bønder vil ut av EU

58 prosent av britiske bønder vil ut av EU viser måling. Dermed går dei mot den største britiske landbruksorganisasjonen, som er for EU-medlemskap.

Meiningsmålinga, utført for bladet Farmers Weekly, viser at 58 prosent av bøndene ønskjer at Storbritannia skal gå ut, 31 prosent vil bli i EU, og 11 prosent er usikre. Dermed er bøndene i utakt med organisasjonane sine, og framfor alt National Farmers Union (NFU), som er for EU-medlemskap.

– Positivt overraska

Stuart Agnew er medlem av EU-parlamentet for UKIP og er landbrukspolitisk talsmann for partiet. Standpunkt snakka med Agnew i London i mai.

– EU styrer britisk landbrukspolitikk gjennom Den felles landbrukspolitikken. Eg får stadig spørsmål om å kome og snakke om kva som skjer med britisk landbruk om vi går ut, fortel han.

– Eg har vorte positivt overraska over at bøndene er ganske jamt fordelt i spørsmålet. Meiningsmålinga til Farmers Weekly har rysta det britiske landbruksetablisementet i røtene. National Farmers Union held fast på at Storbritannia bør bli i EU. Den jamne bonde er slett ikkje overtydd om det er det beste. Bøndene er ikkje berre opptekne av det som skjer innanfor deira eige gjerde. Dei ser også på kva som tener heile Storbritannia.

Vurderer utmelding av NFU

National Farmers Union er den største britiske landbruksorganisasjonen, og dei er for EU-medlemskap, men andre landbruksorganisasjonar er nøytrale.

– Far min var bonde. Det var det eg skulle verte også. Eg hadde aldri trudd eg skulle verte medlem i EU-parlamentet. Det var det siste eg hadde trudd skulle hende med meg. I starten trudde



Stuart Agnew, MEP.



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitleu.no



eg at EU-medlemskapet var bra. Men i løpet av nittitalet las eg meir om saka og bytta standpunkt. Og det var grunnen til at eg melde meg inn i UKIP, fortel Agnew.

– Eg er framleis medlem i NFU, men medlemskapen går ut i oktober–november, så eg må ta ei avgjerd. Eg mener dei har handla urett og kryssa ei line i mine auge, seier han.

– Om vi går ut av EU, så vil eg tilgjje og gløyme, for vi vil trenge dei til å danne ein ny landbrukspolitikk. Der som vi blir verande i EU, så kan eg ikkje halde fram med å gje pengar til ein organisasjon som står for det motsette av meg politisk.

Vil framleis få landbruksstøtte

Stuart Agnew fortel at det er uklart kva slags ordning som vil kome for landbruket utanfor EU.

– Der er uvisse. Vi kan ikkje seie sikkert kva som vil skje om vi går ut av EU. Men vi kan seie at det var subsidiar og støtte til bøndene før vi gjekk inn i EU, og det er ikkje berre i EU at

landbruket får støtte. Minst 60 land i verda gjev støtte til landbruket. Mange har gunstigare støtteordningar enn det EU har, inkludert dykkar eige land. Det er mykje skremselspropaganda frå EU-tilhengarane.

EU må passe alle

Agnew meiner storleiken er eit problem for EUs felles landbrukspolitikk.

– Eit av problema med EUs felles landbrukspolitikk er at den må vere tilpassa til kommersiell reinsdyrdrift nord om polarsirkelen i Finland, til trekkoksar og treplogar på Mid-delhavsøyene, og til bønder i mine heimtrakter aust i England som brukar 550-hestars traktorar, seier han.

– I EU har ein 22 ulike språk og svært ulike tankar om dyrevelferd. Ein har ulike forventningar til inntekt, utdanning og teknologi. Det er rett og slett for stort. Og det blir større.

– Vil ikkje ha EØS

Agnew meiner Brexit vil verte ein vekkar for heile EU. Han er ikkje redd for



Britisk landbruk etter EU.

EU-landbruket er ikkje lenger like gunstig for britiske bønder. Storbritannia hadde egne ordningar for landbruket før dei gjekk i inn i EU i 1973 og vil få nye ordningar om dei går ut av EU. Biletet er frå Puxton Park i North Sommerset i England.

FOTO: LEE (CC LISENS)



Nei til EU på BBC Newsnight

■ Newsnight er et nyhets- og aktualitetsprogram som går hver kveld mandag til fredag på BBC.

Nei til EU-leder Kathrine Kleivland stilte for «annerledeslandet» for å vise at det også for Storbritannia venter ei bedre framtid utenfor EU.

– Nordmenn flest er fornøyd med å stå utenfor EU. I over elleve år har meningsmålingene stadfestet vårt nei i 1994. Vi kjenner igjen skremselspropagandaen som den britiske Remain-sida nå kommer med, sa Kathrine Kleivland på direktesendingen i London.



– Udemokratisk, men selvvalgt

■ Vett 1-2016

«Folkestyre eller fjernstyre», om EØS og demokrati, ble lansert på NTNU Dragvoll i Trondheim i april. For et tyvetalls tilhørere, de fleste studenter, presenterte forfatter og utredningsleder i Nei til EU, Morten Harper, heftet. Han sa at EØS-avtalen svekker folkestyret og avtalen har gått utover det man forventet den ville omfatte.

Lise Rye, førsteamanuensis i europeisk samtidshistorie ved NTNU, berømmet heftet som initiativ til mer debatt om EØS-avtalen. Hun sa seg enig at EØS-avtalen er blitt mer omfattende enn man så for seg. Rye mente temaet er omgitt av apati. 70 prosent sier nei til EU, men bare 10 prosent stemmer på parti som vil ut av EØS.



at Storbritannia vil verte stengd ute av EU-marknaden.

– Vi vil ikkje ha EØS-avtalen eller ein sveitsisk modell. Vi vil ha vår eigen modell. Vi er i den spesielle situasjonen at vi er deira største kunde, saman med det at vi er den femte største økonomien i verda. Dei kan rett og slett ikkje berre ignorere oss. Dei må forhalde seg til oss, uansett om dei vil eller ikkje.

– Det er rett og slett for mange jobbar i tysk bilindustri som er avhengige av at britane kjøper bilane deira.

EU vil ha takk.

EU forlanger at støttemottakarane av skal sette opp takkeplakatar, med retningslinjer for storleiken. Men Storbritannia betalar inn dobbelt så mykje i landbruksstøtte som britiske bønder mottek.

Det er for mange franske bønder som dyrkar druer og som er avhengige av at folk her i London kjøper vin. Der er for mange i Spania som har jobbar som avheng av at folk i Storbritannia kjøper frukt. Dei vil legge stort press på egne regjeringar og på EU for å ikkje tulle med Storbritannia.

Positiv til EFTA

– EFTA har vore oppe som eit framlegg, og eg meiner det har mykje for seg. Det er ein anerkjend organisasjon som opnar for å handle fritt i EU og utanfor.

– EFTA har også handelsavtalar med tredjeland, som vi kan falle tilbake på. Vi kan bli med i EFTA og frå dag ein vil vi nyte godt av handelsavtalane som ligg på plass.

– Vi kan snakke for oss sjølv og det kan berre gjere samarbeidet med Noreg og andre tredjeland betre. I dag må relasjonen med Noreg gå gjennom EU, som er litt rart. Den næraste jernbanestasjonen til Shetlandsøyene er trass alt i Bergen.



Krever at Siv Jensen snur. Nei til EUs leder Kathrine Kleveland krever at finansminister Siv Jensen snur i saken om avståing av suverenitet til EUs finanstilsyn. En ny meningsmåling viser at det er et flertall i folket eller av sine egne velgere.

MÅLING VISER AT SIV JENSEN HAR FLERTALLET MOT SEG:

– Siv må snu om finanstilsynet

– Nei til EU krever at Stortinget sier nei til den største suverenitetsavståelsen siden EØS-avtalen ble inngått, sier **Kathrine Kleveland**, leder i Nei til EU.

En meningsmåling viser at regjeringen ikke har støtte for suverenitetsavståelsen. Regjeringen har foreslått for Stortinget at Norge skal knyttes til EUs finanstilsyn gjennom EØS-avtalen. Forslaget innebærer at overvåkingsorganet ESA og EFTA-domstolen får ny myndighet på finanssektoren. ESA skal kunne fatte direkte bindende vedtak for norske myndigheter og finansfore-

tak, det vil si både forby eller begrense visse typer finansvirksomhet og ilegge bøter.

Lite støtte i folket

En meningsmåling utført av Sentio i mai 2016 på oppdrag av Nei til EU viste at bare 26 prosent av folket støttet overføring av tilsynet av norske banker til overvåkingsorganet ESA og EUs finanstilsyn. 37 prosent var uenige i su-

verenitetsavståelsen, og hele 37 prosent svarte vet ikke. Uten vet ikke-gruppen er 41,7 prosent enige i suverenitetsavståelsen og 58,3 prosent mot.

– Av alle spurte er det bare én av fire – 26 prosent – som støtter regjeringens forslag. Det bør være et tydelig signal til regjeringen om å stoppe denne tilslutningen, sier Kathrine Kleveland.

– Blant Frps velgere er 32 prosent enige, 33 prosent uenige og 35 prosent vet ikke. Siv Jensen har støtte av mindre enn en tredjedel av Frps velgere for regjeringens forslag om å avgi suverenitet over finanstilsynet, sier hun.

– Etter flyseteavgiftstriden kommer nok en sak der Siv Jensen går på tvers av sine egne velgere.

Regjeringen ønsker hastebehandling av saken om finanstilsyn i Stortinget. Blant de spurte er det mange som svarte «vet ikke».

– Det er i seg selv alarmerende når Stortinget nå skal ta stilling til den største avståelsen av suverenitet siden inngåelsen av EØS-avtalen. Her er det all grunn til å ta seg bedre tid i behandlingen og få en bred debatt i samfunnet om denne viktige saken.



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitileu.no




...ing viser at finansministeren verken har støtte fra fler-
FOTO: STORTINGET

Lite støtte for suverenitetsavståelse


- Meningsmåling utført av Sentio mai 2016 (landsdekkende, 1000 respondenter).
- Spørsmål: «Hva synes du om at tilsyn av norske banker flyttes til overvåkingsorganet ESA og EUs finanstilsyn? Er du enig eller uenig i det?»

Samlet


Hele utvalget samlet.



Uten «vet ikke»




Fremskrittspartiet



Høyre

Eneste parti med flest som er enige.



KILDE: SENTIO

Avgir suverenitet

Reelt sett vil Norge bli underlagt EUs finanstilsyn. ESA skal gjøre sine vedtak etter tekstutkast fra EUs tilsynsbyrå. Det er EU-byråene som driver det daglige tilsynet, og kan gi ulike anbefalinger og såkalte ikke-bindende vedtak til finansmyndigheter og foretak også i Norge. Systemet bygger på at ESA gjør kopivedtak av det som kommer fra EU.

Tilslutningen til finanstilsynet skal behandles etter Grunnlovens § 115 om avståelse av suverenitet, som krever tre fjerdedels flertall for vedtak. Dette er første gang siden EØS-avtalen ble vedtatt at Stortinget får forelagt en sak etter denne bestemmelsen. § 115 hjemler suverenitetsavståelse på et begrenset område til en organisasjon Norge er medlem av.

– Ettersom det er EUs tilsynsbyråer, der Norge ikke er fullt medlem, som reelt sett vil formulere ESAs vedtak, er forslaget fra regjeringen en omgåelse av medlemskapskravet i grunnloven.

Halverer innskuddsgarantien

I sammenheng med forordningene for tilsynsbyråene er det også en rekke

reguleringer på finansområdet som regjeringen ønsker inn i EØS-avtalen. Totalt rundt 180 direktiver og forordninger. En av disse tilpasningene er innskuddsdirektivet, som betyr at garantidekningen for bankinnskuddene hvis en bank går konkurs blir mer enn halvert, fra 2 millioner kroner i dagens norske ordning til 100 000 euro i EU.

– Konsekvensene av denne store pakken med EU-regler må utredes før Stortinget behandler forslaget om å avstå suverenitet til ESA og EUs finanstilsyn, sier Kathrine Kleveland.

– Den norske innskuddsordningen ble vedtatt i 1996. Ingen partier på Stortinget har siden tatt til orde for å redusere garantibeløpet. Før det nå kommer som pålegg fra EU gjennom EØS-avtalen.

Kan stoppes av en fjerdedel

Suverenitetsavståelsen kan hindres hvis fjerdeparten av stortingsrepresentantene stemmer imot.

– Hvis Venstre og MDG stemmer mot sammen med KrF, Sp og SV, mangler det bare fem stemmer på at suverenitetsavståelsen er avvist.



Les Standpunkt før alle andre!

■ No kan du spare miljøet medan du les Standpunkt. Nei til EU vil no tilby Standpunkt, Vett og andre publikasjonar som elektroniske abonnement.

■ I staden for å få Standpunkt og Vett pakka i plast i postkassa, kan du no få avisa tilsendt til e-postadressa di, slik at du kan lese den på lesebrettet eller datamaskina di.

Standpunkt som e-avis

■ Her kan du teste e-avisa: <http://www.neitileu.no/kunnskapsbank/publikasjoner/standpunkt> http://issuu.com/nei_til_eu

■ Vil du registrere deg som e-avisabonnent? Send ei melding til: medlem@neitileu.no



Aktivisten

Standpunkt vil bli bedre kjent med aktivister og tillitsvalgte.



Navn?

■ Eli Roald Grinde.

Bosted?

■ Tønsberg.

Alder?

■ 75.

Verv i Nei til EU?

■ Styremedlem i Vestfold Nei til EU og Tønsberg Nei til EU.

Yrke?

■ Pensjonist, tidligere agronom.

Når og hvorfor meldte du deg inn i Nei til EU?

■ For 15 år siden ringte jeg til daværende leder i Tønsberg Nei til EU, Henrik Berg, og sa at jeg ville være med. Det var tilfeldigvis årsmøte i lokallaget to dager etter. Jeg møtte opp og ble valgt inn i styret. Jeg visste ikke mye da, men jeg visste at jeg ikke ville at Norge skulle inn i EU. Jeg er aktiv fordi det er viktig for mine barn og barnebarn.

Hva er den største utfordringen for Nei til EU nå?

■ Å nå ut til folk med informasjon om Nei til EU og hva vi jobber med nå, å få Norge ut av EØS.

Hvordan kan Nei til EU nå breiere ut i ditt fylke/din kommune?

■ Vi må være der ute, vise oss frem, stå på stand, holde åpne møter hvor vi inviterer folk. Mange er vil ikke stå på stand, fordi de ikke vet hva det innebærer. Vi må bli sett og være aktive, snakke med folk og dele ut materiell.

Har du eksempel på vellykket Nei til EU-arbeid?

■ Ringerunder til medlemmer som ikke har fornyet medlemskapet. Den direkte kontakten med folk er kjempeviktig. Åpne møter på biblioteker, stands på Høyskolen og på de videregående skolene i fylket.

Hvilken type aktivitet liker du selv best?

■ Aktivisme. Jeg har vært aktivist på en eller annen måte siden jeg var 18 år. Liker å være ute og snakke med folk og spre informasjon.

EU-EKSPERTENE UENIGE:

Går britene ut av EU?

Meningsålingene spriker i alle retninger, og de politiske kommentatorene er uenige.

Vett 2-2016 gir to ulike perspektiv på spørsmålet om britene går ut av EU.

Helle Hagenau er leder av internasjonalt utvalg, og tidligere generalsekretær, i Nei til EU. Hun har også arbeidet seks år i EU-parlamentet for EU-kritiske grupper. Hun tror britene går ut av EU.

